

RADØY KOMMUNE**Sakspapir**

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	29.01.2014	006/14	TNE

Avgjerslemynde: HPLT Sakshandsamar: Tonje Nepstad Epland	Arkiv: GBNR- 45/432 Objekt:	Arkivsaknr 13/1563
---	---	------------------------------

**GNR 45/432 MANGER - DISPENSASJON - MELLOMBELS
PLASSERING AV BRAKKERIGG****Dokumentliste:**

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	29.11.2013	Radøy kommune	Gnr 45/432 Manger - mellombels plassering - brakkerigg - søknad om dispensasjon
1	U	29.11.2013	Radøy kommune v/planavdelinga; Statens vegvesen Region vest	Gnr 45/432 Manger - mellombels plassering av brakkerigg - søknad om dispensasjon
4	I	21.01.2014	Statens vegvesen - Region Vest	Gnr 45/432 Manger - Uttale til søknad om dispensasjon

Vedlegg i saka:

Søknad om dispensasjon mottatt 29.11.2013.

Eigedom:	Gnr 45 brn 432
Adresse:	Prestmarkvegen 1
Tiltakshavar:	Radøy kommune
Heimelshavar:	Radøy kommune
Type tiltak:	Mellombels plassering av brakkerigg
Type søknad:	Dispensasjon frå arealformål etter kommuneplan for Radøy kommune

Saksutgreiing:**Tiltak**

Det er søkt dispensasjon for mellombels plassering av brakkerigg.

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon i frå arealformål etter kommuneplan for Radøy.


Tiltaket er samstundes avhengig av dispensasjon frå avstand til fylkesveg.

Grunngjeving

Grunngjevinga for søknaden er at kommunen har lovpålagt krav om auka aktivitet for tilrettelagt dagtilbod for demente. Eksisterande bygningsmasse kring Velferdsenteret har ikkje kapasitet til verksemda. Samstundes er det naudsynt med geografisk nærleik til Velferdsenteret grunna drift og organisering slik tilbodet er i dag.

Dokumentasjon og opplysningar i søknaden

Det ligg føre situasjonsplan som viser plassering av omsøkte tiltak. Mellombels brakkerigg er tenkt plassert i området mellom Radøy arbeidssenter og Fylkesveg 409 (Radøyvegen).



Brakkeriggen skal bestå av 4 brakke på 2,5 x 7 meter, totalt 70 kvm.

Området vert i dag nytta til parkering. Søkjer har opplyst at tapte parkeringsplasser kan kompenseras med kommunal parkeringsplass vest for Velferdsenteret, ca 100 meter frå omsøkte plassering.

Nabovarsling

Heimshavarar til naboeigedomane er Radøy kommune (gnr 45 bnr 115), Opplysningsvesenets Fond v/fester Radøy kommune (gnr 45 bnr 1 fnr 54) og Hordaland Fylkeskommune v/Statens Vegvesen (gnr 45 bnr 245). Søknaden er varsla Statens Vegvesen.

Det har ikkje kome merknader frå Statens Vegvesen.

Uttale får annan mynde:

Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå avstand vegmidte fylkesveg 409. Søknaden om dispensasjon frå avstand vegmidte fylkesveg er sendt Statens Vegvesen 29.11.2013. Det ligg ikkje føre vedtak frå Stanes Vegvesen per d.d.

Kulturminne

Det er ikkje kjente kulturminne på eigedomen.


Plassering

Avstand frå brakkeriggen til nabogrense mot fylkesveg 409 i nord (Radøyvegen) er ca 9 meter. Avstand til nabogrense mot kommunal veg i vest (Idrettsvegen) er ca 40 meter. Avstand annan bygning er ca 8 meter.

Avstand frå brakkeriggen til vegmidte fylkesvegen er ca 16 meter. Brakkeriggen ligg såleis nærmare midte fylkesveg 409 enn 50 meter.

Plangrunnlag

Tiltaket ligg innafør kommunedelplan for Manger, planid 12602007000700, med arealformål offentlig bygning og reguleringsplan for Manger sentrum, planid 12602007000800, med arealformål annan veggrunn. Reguleringsplanen går føre kommunedelplanen.



Lovgrunnlag:

Det følgjar av plan- og bygningslova (pbl) §§ 12-4 og 1-6 at tiltak ikkje kan setjast i verk i strid med reguleringsplan.

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal nasjonale og regionale rammer og mål tilleggast særleg vekt, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar og byggjeforbodet i strandsone når ein direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf pbl § 19-2(4).

Vurdering:

Omsøkt areal er i Kommuneplan for Radøy definert som område for annan veggrunn. Det er rådmannen sin vurdering at tiltaket ikkje er i tråd med arealformål for eigeidomen.

Vurderingstema for rådmannen har for det første vore om dei omsyna som ligg bak føresegna det er søkt dispensasjon i frå verte vesentleg tilsidesett av tiltaket.

Omsynet bak gjeldande arealformål er omsynet til infrastruktur knytt til trafikkavvikling. Fylkesveg 409 er ikkje opparbeid i samsvar med reguleringsplan, og det er usikkert når omlegging av vegstrukturen i område vil skje. Rådmanne legg til grunn at opparbeiding av vegstrukturen i samsvar med plan ligg nokre år fram i tid.

Det er rådmannen sin vurdering at omsynet bak førmålet ikkje vert vesentleg sett til side om det vert gjeve dispensasjon for mellombels brakkerigg. Rådmannen legg avgjerande vekt på at det er eit mellombels og reversibelt tiltak. Ved framtidig omlegging og utviding av fylkesvegen og etablering av andre trafikktiltak i samsvar med reguleringsplan for Manger sentrum kan tiltaket enkelt flyttast.

Vurderingstemaet for rådmannen har vidare vore om fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene.

Ulempene er her som i dei fleste andre saker faren for utholing av planverket og faren for presedens. At plasseringa er mellombels reduserer denne verknaden.

Plasseringa råkar ikkje siktsoner langs fylkesvegen eller frisisiktzone for tilstøytande kommunal veg. Tiltaket er ikkje til hinder for vedlikehald og brøyting av fylkesveg.

Fordelane er at kommunen raskt og økonomisk gunstig får etablert eit lovfesta tilbod. Kommunen har ikkje andre alternativ for plassering i nærleik til Velferdsenteret.

Det er rådmannen sin vurdering at fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Rådmannen rår til at det vert gjeve mellombels dispensasjon for plassering av brakkerigg på inn til fem år.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjeve mellombels dispensasjon for plassering av brakkerigg på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld i inn til fem år frå vedtakstidspunktet
2. Dispensasjonen føresett at Statens Vegvesen gjev dispensasjon frå avstand vegmidte fylkesveg 409.

3. Det må søkjast om byggjeløyve etter plan- og bygningslova. Endelig plassering av brakkeriggen vært å godkjenne i byggesaka.
4. Det må søkjast om tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg før det kan gjevast byggjeløyve.
5. Ved framtidige tiltak knytt til fylkesveg som kjem i konflikt med brakkeriggen fell dispensasjonen bort og brakkeriggen skal flyttast.

Grunngjevinga går fram av saksframstillinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2 jfr § 12-4, og naturmangfaldslova §§ 8-12.

29.01.2014 HOVUDUTVAL FOR PLAM, LANDBRUK OG TEKNISK
Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

PLT-006/14 VEDTAK:

Det vert gjeve mellombels dispensasjon for plassering av brakkerigg på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld i inn til fem år frå vedtakstidspunktet
2. Dispensasjonen føresett at Statens Vegvesen gjev dispensasjon frå avstand vegmidte fylkesveg 409.
3. Det må søkjast om byggjeløyve etter plan- og bygningslova. Endelig plassering av brakkeriggen vært å godkjenne i byggesaka.
4. Det må søkjast om tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg før det kan gjevast byggjeløyve.
5. Ved framtidige tiltak knytt til fylkesveg som kjem i konflikt med brakkeriggen fell dispensasjonen bort og brakkeriggen skal flyttast.

Grunngjevinga går fram av saksframstillinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2 jfr § 12-4, og naturmangfaldslova §§ 8-12.

